

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Valnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	, Myrkdalen hotel, Myrkdalen, 5713 Vossestrand
<b>Dato:</b>	11.06.2014
<b>Tid:</b>	10:00

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Mona Haugland Hellesnes  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 8/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 9/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 10/14	Meldingar		
PS 11/14	Vigo IKS - val av varamedlem til representantskapet	2014/16131	
PS 12/14	Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS - avviklingsstyre	2014/16220	
PS 13/14	Søknad om fritak frå verv - nyval	2014/1095	
PS 14/14	Om mandat for utgreiing av 8-13 skule	2014/10030	
PS 15/14	Søknad om fritak frå verv i opplærings- og helseutvalet	2014/1095	
PS 16/14	Konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda - val til referansegruppe	2014/16667	
PS 17/14	Konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen - val til prosjektorganisasjon	2014/230	
PS 18/14	Ymse		

PS 8/14 Godkjenning av møteinnkalling

PS 9/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 10/14 Meldingar



Arkivnr: 2014/16131-1  
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	11/14	11.06.2014
Fylkestinget	47/14	11.06.2014

## Vigo IKS - val av varamedlem til representantskapet

### Samandrag

Fylkeskommunen er deltakar i det interkommunale selskapet Vigo IKS. Selskapet har slik målsetjing:

«Selskapet skal utvikle/videreutvikle, eie og/eller drifte, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakerne, fylkeskommunenes felles inntak- og forvaltningssystem Vigo, for elever/lærlinger og alt som ellers står i naturleg sammenheng med dette -eksempelvis skoleadministrative systemer. Selskapet kan la utvikling og drift av ulike systemer settes ut til andre»

Fylkestinget valde 14.12.10 i sak 75/10 Dan Femoen som medlem i representantskapet som er selskapet sitt øvste organ. Etter selskapsavtalen skal kvar deltakar ha ein representant med personleg varamedlem i representantskapet. I sak 75/10 vart det ikkje vald varamedlem.

Det vert no rådd til å velja varamedlem til representantskapet i Vigo IKS for resten av valperioden 2011 – 2015.

### Forslag til innstilling

Som varamedlem til representantskapet i Vigo IKS vert ..... vald for resten av valperioden 2011 – 2015.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/16220-2  
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	12/14	11.06.2014
Fylkestinget	46/14	11.06.2014

## Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS - avviklingsstyre

### Samandrag

Innkrevjing av bompengar i Trekantsambandet vart avslutta 30.04.13. Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS har stått for innkrevjinga. Det er lagt opp til at selskapet skal opphøyra i løpet av hausten 2014.

Når det er vedteke at eit selskap skal oppløysast, skal generalforsamlinga velja eit avviklingsstyre som trer i staden for styret og dagleg leiar, jfr. aksjelova § 16-2 nr 1.

Fylkesrådmannen vil føreslå eit avviklingsstyre på tre medlemmer. Fylkeskommunen sin aksjepost utgjer knapt 62 %, og det er rimeleg at fylkeskommunen har fleirtalet i styret.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget oppnemner følgjande som kandidatar til avviklingsstyret i Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS:

.....  
.....

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/1095-10  
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	13/14	11.06.2014
Fylkestinget	43/14	11.06.2014

### Søknad om fritak frå verv - nyval

#### Samandrag

Ruth Grung, Arbeiderpartiet, skriv i e-post til leiar i valnemnda 29.04.14:

«Jeg søker herved om fritak fra vervet som medlem av styret i Bergen Bomselskap AS. Det har vært vanskelig å finne møtedager som passer med vervet som stortingsrepresentant og resten av styret.»

Ruth Grung vart vald inn som fast representant på Stortinget hausten 2013, og fekk etter søknad fritak frå ei rekkje verv, jfr. FT-sak 56/13 . Ho søkte ikkje då om fritak frå vervet i Bergen Bompengeselskap AS.

Det ligg ikkje føre plikt til å la seg velja til slike verv, og det er ikkje krav om særskild grunngjeving for fritak. Det vert rådd til å gi fritak frå vervet som styremedlem i Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015 og føreteke nyval.

#### Forslag til innstilling

1. Ruth Grung vert fritaken frå vervet som medlem i styret for Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. .... vert vald som medlem i styret for Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/10030-10  
Saksbehandlar: Hillevi Elizabeth Runshaug

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	35/14	13.05.2014
Fylkesutvalet	134/14	20.05.2014
Valnemnda	14/14	11.06.2014
Fylkestinget	45/14	11.06.2014

### Utgreiing av 8-13-skule

#### Samandrag

Følgjande vedtak frå sak 1/2013 Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune i Fylkestinget sitt møte 12. mars 2013 vert følgt opp i denne saka:

Pkt 2a: «...HFK ønskjer å vurdere 8-13-skule i samband med Bergen kommune si planlagde utbygging av Seimsmyrane ungdomsskule».

Pkt. 2c: «...Det skal greiast ut om 8- 13-skule kan vere ei berekraftig løysing for Austrheim vgs på sikt.»

Det vert sett i gang utgreiingsarbeid ut frå ei målsetting om å framskaffe nødvendig saksgrunnlag for politisk avgjerd i spørsmåla om 8-13-skule i samarbeid mellom HFK og Bergen kommune og i samarbeid mellom HFK og Austrheim kommune.

Saka omhandlar mandat, organisering/samansetting av arbeidsgruppe og førebels framdriftsplan.

#### Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til opplæringsavdelinga sitt opplegg for det vidare utgreiingsarbeidet av 8-13-skule

### Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014

Rosalind Fosse sette fram følgjande forslag på vegner av utvalet:

«Det oppnevnes saksordfører i saken. Det forutsettes at utgreiingsarbeidet fullføres innen 2014»

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fosse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Saka går til fylkestinget.



## Vedtak

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til opplæringsavdelinga sitt opplegg for det vidare utgreiingsarbeidet av 8-13-skule.

## Innstilling

..... vert oppnemnd som saksordførar i saka.  
Det vert føresett at utgreiingsarbeidet vert fullført innan 2014.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

Det var 13 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga 1. setning skal behandlast i valnemnda før behandling i fylkestinget.

## Innstilling til fylkestinget

..... vert oppnemnd som saksordførar i saka.  
Det vert føresett at utgreiingsarbeidet vert fullført innan 2014.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 24.04.2014

### Om mandat for utgreiing av 8-13-skule

Fylkestinget handsama sak 1/2013 Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune i møte 12. mars 2013, og vedtok m.a.:

Pkt 2a: «...*HFK ønskjer å vurdere 8-13-skule i samband med Bergen kommune si planlagde utbygging av Seimsmyrane ungdomsskule*».

Pkt. 2c: «...*Det skal greiast ut om 8-13-skule kan vere ei berekraftig løysing for Austrheim vgs på sikt.*»

Fylkesrådmannen meiner ein no bør setje i gang eit utgreiingsarbeid ut frå ei målsetting om å framskaffe nødvendig saksgrunnlag for politisk avgjerd om

- spørsmålet om 8-13-skule i samarbeid mellom HFK og Bergen kommune

- spørsmålet om 8-13-skule i samarbeid mellom HFK og Austrheim kommune

Mandatet for arbeidet vil vere å vurdere mål, rammer og føresetnader for 8-13-skule som modell for vidare utvikling av opplæringsstilbodet i Hordaland. Mandatet omfattar ei vurdering av kva som vil vere berekraftig struktur med omsyn til elevgrunnlag og rekruttering, fagtilbod og samarbeid mellom skule og næringsliv, og dessutan samarbeid mellom kommune og fylkeskommune. Modellar med ulik grad av samarbeid og forplikting inngår i utgreiinga:

- Vidareføring av noverande skulemodell og oppgåvedeling mellom fylkeskommune og kommune.
- Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærrområde.
- Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.
- Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjeveransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).
- Forsøk med 8-13-skule med ein felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.

Modellane skal vurderast i høve til føresetnadene lokalt i Austrheim kommune og Bergen kommune. Ein modell som høver for Austrheim kommune, høver ikkje nødvendigvis for Bergen kommune. HFK og den enkelte kommunen kan lande på ulike konklusjonar.

### Organisering

Opplæringsavdelinga vil etablere ei arbeidsgruppe som får ansvar for utgreiingsoppdraget frå HFK. Arbeidsgruppa skal vere samansett av deltakarar frå Opplæringsavdelinga og representantar oppnemnde av skulane v/ rektor.

HFK sender invitasjon til kvar av kommunane om å delta i utgreiingsarbeidet og til å nemne opp sine representantar til arbeidsgruppa. Møteplan for arbeidsmøta vert sett opp i samarbeid med Austrheim kommune og Bergen kommune.

På møta vil m.a. følgjande vere tema for utgreiinga:

- a. Modellen 8-13-skule i høve til hovudmålet om auka gjennomføring, samt andre målsetjingar:

- Pedagogisk og fagleg.
- Økonomisk.
- Administrativt.
- Samfunnsmessige omsyn med m.a. samarbeid skule, lokalsamfunn og arbeidsliv.

- b. Føremål, rammer og føresetnader:

- Lokalisering og skulebygg. Anna lokalisering enn Seimsmyrane kan vere aktuell i Bergen kommune.
- Elevgrunnlag og prognose.
- Skulestorleik, fagtilbod, pedagogisk målsetting, økonomi, personalmessige konsekvensar.
- Ulike samarbeidsmodellar.
- Tidsperspektivet.

- c. Samla vurdering av spørsmålet om 8-13-skule i samarbeid mellom HFK og Bergen kommune og konklusjon/tilråding.

- d. Samla vurdering av spørsmålet om 8-13 skule i samarbeid mellom HFK og Austrheim kommune og konklusjon/tilråding.

#### **Framdrift**

Opplæringsavdelinga tek sikte på at arbeidet vert gjennomført våren 2014. Målsettinga for utgreiingsarbeidet, rammer og tidsplan fram til politisk handsaming vert nærare fastsett i samarbeid med kommunane.



Arkivnr: 2014/1095-12  
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	15/14	11.06.2014
Fylkestinget	44/14	11.06.2014

### Søknad om fritak frå verv i opplærings- og helseutvalet

#### Samandrag

Janne Halvorsen, Fremskrittspartiet, har søkt permisjon frå vervet som varamedlem i opplærings- og helseutvalet for resten av valperioden 2011 – 2015 av helsemessige årsaker. Det vert rådd til å innfri søknaden og gjera suppleringsval.

#### Forslag til innstilling

1. Janne Halvorsen får permisjon frå vervet som varamedlem i opplærings- og helseutvalet for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. Som varamedlem i opplærings- og helseutvalet vert ..... vald for den tida Janne Halvorsen har permisjon.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 20.05.2014**

Janne Halvorsen, Fremskrittspartiet, skriv i e-post til fylkeskommunen 12.05.2014:

«På grunn av økt arbeidspress i min nåværende stilling og endringer i min helsesituasjon vil jeg ikke klare å innfri mine forpliktelser som folkevalgt. Jeg ser meg derfor nødt til å be om å få innvilget permisjon fra alle mine verv som folkevalgt fra nå og ut perioden.»

Halvorsen er 3. varamedlem for Fremskrittspartiet i opplærings- og helseutvalet.

**Rettsleg grunnlag**

Fritak og permisjon frå fylkeskommunale verv er omhandla i kommunelova § 15 der nr 2 lyder:

"2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet."

Nemnde regel gir fylkestinget høve til å fritta "den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet". Om innholdet i denne regelen uttalar departementet i Ot.prp. nr. 45 (2001-2002) (vallova) m.a.:

"Selv om det er tale om «uforholdsmessighet» er det dessuten ikke gitt at vedkommende har krav på fritak, jf. lovens uttrykk «kan». Departementet understreker at det uansett skal mye til for at fritak skal kunne innvilges. Det antas således at de tilfelle hvor fritak kan forsvares ikke vil by på tvil."

Dersom Janne Halvorsen får permisjon frå vervet, bør det gjerast suppleringsval. Kommunelova § 16 Opptrykk og nyvalg regulerer forholdet i pkt. 3:

"3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn."

I Kommuneloven med kommentarer (Bernt/Overå) er det teke inn følgjande om korleis omgrepet "endeleg uttreden" er å forstå:

"Selv om bestemmelsen taler om "endelig" uttreden, kan trolig ikke dette praktiseres helt etter ordlyden i alle situasjoner. Jeg tenker da først og fremst på tilfeller der et medlem flytter ut av kommunen. Her kan det være usikkert om dette medfører endelig uttreden, idet vedkommende etter § 15 nr. 1 har krav på å tre in igjen i vervet dersom han/hun flytter tilbake til kommunen i løpet av en toårsperiode. Naturligvis kunne en her tenke seg at varamedlemmet fungerte som medlem i to år, og at en først når denne perioden var utløpt – uten at medlemmet hadde flyttet tilbake – gikk til valg av nytt medlem. Det kan imidlertid da være så kort tid igjen av valgperioden at dette virker uhensiktsmessig. Etter min vurdering taler derfor gode grunner for at en velger nytt medlem allerede når det ordinære medlem flytter. Dette medlemskap vil imidlertid da – i alle fall foreløpig – få karakter av et settemedlemskap, idet det nyvalgte medlemmet må tre ut dersom det "ordinære" medlemmet kommer tilbake innen den nevnte frist. Er det varamedlemmet som har vært valgt, synes det rimelig at dette trer tilbake til sitt varamedlemskap. Også ved permisjoner på ubestemt tid – for eksempel for å ivareta rikspolitiske verv som statssekretær og lignende – taler gode grunner for å praktisere en lignende regel."

Som det går fram av dette vert regelen tolka slik at om og når den valde representanten kjem att, går vedkomande inn igjen i vervet.

**Vurdering**

Janne Halvorsen har grunngjeve søknaden med arbeidspress og helsemessige forhold. Det har ikkje vore praksis å krevja legeattest ved søknad om fritak, og dokumentasjon ligg heller ikkje føre i denne saka. Det har vore praksis for å gi permisjon, eventuelt fritak frå fylkeskommunale verv dersom det ligg føre medisinske grunnar. Det vert rådd til å innfri søknaden om permisjon slik det er søkt om, og at det vert gjort suppleringsval til varamedlemsrekkja i opplærings- og helseutvalet.



Arkivnr: 2014/16667-3  
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	16/14	11.06.2014
Fylkestinget		11.06.2014

## Konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda - val til referansegruppe

### Samandrag

Statens vegvesen har fått i oppdrag frå Samferdselsdepartementet å utarbeida konseptvalutgreiing for riksveg 7 over Hardangervidda. Arbeidet startar opp no og er forventa ferdig før sommaren 2015. Arbeidet vert drive av ei prosjektgruppe frå Statens vegvesen og Jernbaneverket.

Som del av forankringa av KVVU-prosessen skal det etablerast ei referansegruppe med deltakarar frå ulike interesser i området. Det er forventa 4-5 møte i referansegruppa i løpet av prosessen. I brevet frå Statens vegvesen er det uttrykt ønskje om at kommunar og fylkeskommunar vert representert med ordførar/fylkesordførar samt opposisjonsleiar og ein frå administrasjonen. Første møte i referansegruppa er 5. juni 2014.

Fylkestinget vert oppmoda om å nemna opp medlemer i referansegruppa.

### Forslag til innstilling

1. Som medlemer i referansegruppe for konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda oppnemner Hordaland fylkeskommunane følgjande:  
.....  
.....
2. Fylkesrådmannen peikar ut eit medlem frå administrasjonen til referansegruppa.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/230-83

Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	17/14	11.06.2014
Fylkestinget		11.06.2014

## Konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen - val til prosjektorganisasjon

### Samandrag

Jernbaneverket har fått i oppdrag å utarbeida konseptvalutgreiing (KVU) for logistikknutepunkt i Bergensregionen. Det er laga ein arbeids- og framdriftsplan med prosjektorganisasjon. Her er det lagt opp til både politisk og administrativ deltaking frå fylkeskommunen. Jernbaneverket har også invitert til to ideverkstadar der det er ønskjeleg med både politisk og administrativ deltaking.

I denne saka vert fylkestinget oppmoda om å peika ut politiske representantar til konsultasjonsgruppa og til ideverkstadane.

### Forslag til innstilling

1. Som medlem i konsultasjonsgruppe for konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen oppnemner Hordaland fylkeskommune .....
2. Til å delta i ideverkstad i samband med konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen vert følgjande oppnemnd: .....

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 02.06.2014

Jernbaneverket har fått i oppdrag å utarbeida konseptvalutgreiing (KVU) for logistikknutepunkt i Bergensregionen. Det er laga ein arbeids- og framdriftsplan med prosjektorganisasjon. Her er det lagt opp til politisk deltaking frå fylkeskommunen. Det er m.a. teke inn følgjande om dei enkelte gruppene i prosjektorganisasjonen:

«De overordnede vurderingene av havnekonsept vil inngå i KVU-arbeidet, og det tenkes derfor at Hordaland fylkeskommune representeres i prosjektorganisasjonen på lik linje med statsetatene. En KVU-prosess er en faglig og administrativ utredning. Det forutsettes derfor at prosjektorganisasjonen bemannes administrativt, også fra eksterne parter.

Kommunene vil også involveres i prosjektet. Det skal opprettes en konsultasjonsgruppe som vil ha mulighet til å komme med råd og innspill til arbeidet. Alle kommunene i planområdet tenkes representert her. Det er også viktig med samarbeid med kommunene i den faglige produksjonen av KVUen. Bergen kommune er satt opp som fast medlem i prosjektgruppa, og andre kommuner i planområdet (i prosjektplanen vist som rådgivere), vil bli trukket inn i arbeidsgruppa ved behov.

De ulike gruppene i organisasjonsplanen vil ha følgende ansvarsområde:

Styringsgruppe: Styringsgruppa ledes av Jernbaneverket v/regional plan- og utviklingsdirektør Sør/Vest, og bemannes i tillegg Statens vegvesen, Kystverket og Hordaland fylkeskommune. Styringsgruppas mandat er:

- Ta beslutninger på sentrale milepæler i prosjektet
- Ta beslutninger i viktige problemstillinger der det er vanskelig å komme frem til konsensus internt i prosjektet
- Sørge for at prosjektet tildeles tilstrekkelig med ressurser, både bemanningsmessig og økonomisk, samt overvåke fremdriften i prosjektet
- Sluttbehandle prosjektets hovedrapport før evt. behandling i etatsdirektørens ledergrupper og oversendelse til Samferdselsdepartementet.

Konsultasjonsgruppe: Konsultasjonsgruppa ledes av Jernbaneverket v/regional plan- og utviklingsdirektør Sør/Vest, og bemannes av Statens Vegvesen, Kystverket, Hordaland fylkeskommune og kommunene i planområdet. Konsultasjonsgruppas rolle er:

- Sikre bred forankring av KVU-arbeidet
- Komme med innspill og råd til viktige problemstillinger og milepæler i prosjektet.

Interessentgruppe: Interessentgruppa består av større interessenter i prosjektet og deltar på de to verkstedene. Endelig bemanning i denne gruppa avgjøres etter at det er gjennomført en interessentanalyse for prosjektet. Interessentgruppa blir innkalt til to verksteder i prosjektet.

Prosjektgruppe: Prosjektgruppa ledes av prosjektleder, og har ansvar for det faglige resultatet av KVUen ved kvalitetssikring av prosess og faglig produksjon. Det avholdes prosjektgruppemøter ca hver måned. Prosjektgruppa bemannes tverretattlig og tverrfaglig.

Fagråd: Det opprettes et internt fagråd som representerer Jernbaneverkets interne fagkompetanse. Fagrådet vil ha som ansvar å gjennomgå og kvalitetssikre det faglige prosjektmaterialet som utvikles.

Andre funksjoner: Bergen kommune er satt opp som fast medlem i prosjektgruppa, men andre kommuner i planområdet vil bli trukket inn i arbeidsgruppa ved behov. I prosjektplanen vises disse som andre rådgivere.»

Fylkesutvalet gjorde 20.05.2014 slikt vedtak:

- «1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivareteke gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå

fylkeskommunen.

2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for "Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet" no. Prosessen med regional plan vert utsett til dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklara gjennom Jernbaneverket sin KVVU.»

Det er lagt opp til at det vert politisk deltaking frå fylkeskommunen i konsultasjonsgruppa.

I samband med KVVU-arbeidet inviterer Jernbaneverket til to separate ideverkstadar. Den første vil ha som føremål å få innspel på behov og mål som skal leggjast til grunn for arbeidet, mens den andre vil ha fokus på krav om utforming av konsept. Verkstad 1 vert halde på Hotel Grand Terminus 16. juni 2014.

Fylkeskommunen kan melda på inntil tre personar, og det er ønskjeleg at både politisk og administrativ sektor er representert.

PS 18/14 Ymse